

## Saksprotokoll i styret for Fagskolen i Hordaland - 22.03.2019

### YMSE

#### **Prosess rundt tilsetjing av ny rektor ved Fagskolen i Hordaland.**

Regionleiar Hillevi Runshaug og Magnus Odèn frå HR-avdelinga orienterte styret om status for tilsetjingsprosessen av ny rektor for Fagskolen i Hordaland. Av 15 søkjarar har 9 personar vore inne til 1.gongs-intervju. 2. gangs-intervju for 4 av desse er planlagt til 29. mars. Styreleiar er med på alle intervju. Tilsetjing av ny rektor finn stad i ekstra styremøte 12. april 2019.

Styret kom med følgjande synspunkt på forventningar til den nye rektoren:

- Må vera endrings- og omstillingsorientert
- Ha ei klar rolleforståing
- Tydeleg på kva retning fagskolen skal gå i
- Strategisk
- Ha godt samspel med resten av leiargruppa ved fagskolen og med styret for fagskolen
- Ha god relasjonskompetanse
- Kjenna regelverket

#### **Protokollmerknad til tilsetjing av ny rektor for Fagskolen i Hordaland.**

I samband med ekstraordinært styremøte 12. april godtek styret for Fagskolen i Hordaland at styret får saksapira tilsend med kortare frist enn éi veke.

#### **Diverse orienteringar.**

Styreleiar Roald Kvamme informerte frå seminar med Maritime Bergen.  
Styremedlem Trude Amundsen informerte frå møte med Bergen maritimt personellforum  
Rektor Torbjørn Tvedt orienterte om søkjartal til Fagskolen i Hordaland pr. 22. mars.

#### **Diverse rapporteringar til styret:**

Styret for Fagskolen i Hordaland ber administrasjonen om følgjande:

1. Administrasjonen utarbeider styreinstruks og årshjul.
2. Styret ber om å få kvartalsrapportar vedk. rekneskap, saman med forklarande tekst til eventuelle ekstraordinære budsjettpostar. I tillegg skal styret sine ambisjonar i høve til budsjett synleggjerast i eige notat.
3. I samband med årsrekneskap ber styret om at samla inntekter (stat, fylke og kurs/prosjektinntekter) vert sett opp mot utgifter; dette for å kunna ha god oversikt over økonomien.
4. Styret ber om samanliknande tal vedk. driftsbudsjett pr. student